

# Lokale miljøtiltak – 2015

## - rapporteringsskjema

Tilskot til lokale miljø- og klimatiltak i Hordaland. Rapporteringsskjema for støtte for 2015. Send skjema til Hordaland Fylkeskommune, Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen eller [sentralarkivet@hfk.no](mailto:sentralarkivet@hfk.no) innan **1.april 2016**. Ver venleg å merke søknaden med: "Miljøtilskot", Ref: 2014/23340".

Kontaktperson: Tale Halsør, [tale.halsor@hfk.no](mailto:tale.halsor@hfk.no), 55 37 80 11. Meir informasjon på [www.hordaland/miljo](http://www.hordaland/miljo)

### 1. Søkjar

Namn på søkjar:	Hardangerfjordseminaret/Hardangerfjord Villfisklag		
Prosjektnamn:	Hardangerfjordseminaret UNG 2015		
Kontaktperson:	Sven-Helge Pedersen		
Adresse:	Nedre Røynstrand 118, 5736 GRANVIN		
Telefon:	9517 5308	E-post:	villfisk@gisp.no
Kontonr:	3450 35 68340	Organisasjonsnr:	988118753

### 2. Rekneskap (spesifiser i tråd med søknadens inntekts- og utgiftspostar)

Inntekter	kr	Utgifter	kr
Tilskot frå HFK	70.000.-	Arbeid planlegging, gjennomføring og evaluering	40.967.-
Andre inntekter	50.000.-	Trykksaker/Marknadsføring/nettside	43.084.-
		Reisekostnader	2.525.-
		Servering	27.608.-
		Leigekostnader	7.150.-
Sum inntekter	120.000	Sum utgifter	121.334.-

### 3. Bruk av tilskotet

- Skildring av gjennomført tiltak
-

## **Hardangerfjordseminaret UNG**

Fagdag for elevar i dei vidaregåande skulane i Kvinnherad, Hardanger, Fusa og Voss.

HardangerfjordseminaretUNG er eit dagseminar for elevar i dei vidaregåande skulane i indre Hordaland som har valt biologi/naturbruk/akvakultur som fordjuping.

Kring 150 elevar og lærarar møtte i Norheimsund. Seminaret er tufta på det veletablerte Hardangerfjordseminaret, som etter ni år har blitt ein nasjonal arena for spørsmål knytt til ei berekraftig forvaltning av vassdrag, fjord og kyst.

Føremålet med seminaret er å gjere elevane kjende med nærmiljøet sitt, vekke interesse for den biologien som vi finn i fjorden og knyte dette opp til teorien som dei lærer i faget. Vekke interesse og glød innan det fagvalet dei har teke, også med tanke på vidare utdanning og jobbmoglegheiter.

Dagen starta med registrering. Deretter vart deltakarane helsa velkomne av møteleiar Kjersti Holmedal før Miljøsjeff hjå Fylkesmannein i Hordaland Kjell Kvingedal opna seminaret. Etter det var det korte føredrag, der det var henta inn føredragshaldarar med høg fagleg kompetanse. Her fekk vi desse innlegga:

### **Kva om Hardangerfjorden ikkje fantes? Korleis ville miljøet vårt sett ut utan innverknad frå fjorden?**

Prof. John-Inge Svendsen, Institutt for geovitenskap, UiB

### **Lakselussituasjonen; Kva konsekvensar har parasittbehandlinga på miljø og biologi?**

Forskar Aina-Cathrine Øvergård PhD , Institutt for biologi, UiB

### **Verneområde i Hardangerfjorden, kva inneber dette?**

Ass. miljøvernssjef Stein Byrkjeland, Fylkesmannen i Hordaland

### **Tungmetall; kva er stoda i Hardangerfjorden?**

Prof. Amund Måge, NIFES/UiB

**Etter kvart innlegg var det mogeleg for elevar og lærarar til å stille spørsmål til føredragshaldar.**

Lunsjen vert laga og servert av elevar frå restaurant- og matfag ved Fitjar vg skule. Etter lunsj vert det ein praktisk del, der elevane jobbar i grupper saman med fagpersonar. Både føredraga og aktivitetane er knytt opp til læreplanen i dei ulike faga.

### **Workshoddelen var delt opp i fem aktivitetar:**

- 1) Tungmetall sin innverknad på organismane i fjorden, NIFES/UiB.
- 2) Om HI's kartlegging og registrering i fjord og kystområda , Havforskningsinstituttet.
- 3) Bærekraftig utvikling for oppdrettsnæringa, Marine Harvest.
- 4) Kva er lakselus? Lakselusakvarium. UiB, institutt for biologi.
- 5) Biletspelet Fjordens Liv av Etnolog Randi Storaas.

**Sjå elles vedlagde omtalar frå media på [www.hfsung.no](http://www.hfsung.no)**

**Her ligg det og ei rekke bilder frå seminaret.**

### **b) Eventuelle endringar i forhold til søknaden**

**Seminaret vart stort sett gjennomført etter intensjon og målsetnad.**

### **c) Venta effektar av tiltaket**

Seminarret hadde som hovedmål å stimulere til interesse for biologien i fjord og vassdrag. På seminarret og særleg på Workshop-delen vart det registrert stor entusiasme både frå bidragsytarane og elevane for dei ulike tema som vart presentert. Det vart og gjort avtalar mellom skule og universitet, verksemder og institusjonar om besøk i ettertid.

#### d) Profilering av tiltaket

Sjå vedlagde presseklipp.

Prosjektleder:	Sven-Helge Pedersen (namn)	26.10.2015 (dato)	_____ (underskrift)
Prosjektansv:	_____ (namn)	_____ (dato)	_____ (underskrift)

---

### Attestasjon av revisor. Gjeld berre for tilsegn over 100 000 kr.

Føremålet med revisor sitt arbeid og rapportering for prosjektet, er å stadfeste økonomisk informasjon registrert i sluttrekneskapen. Revisor skal utføre kontrollar som gjev tilsegnsyttar ei forvissing om at inntektene og kostnadane i prosjektet er fullstendige og reelle, dokumenterte og korrekt registrerte i rekneskap.

*Avtalte kontrollhandlingar opp mot sluttrekneskapen for prosjektet er gjennomført.*

Godkjent av revisor: \_\_\_\_\_ (dato) \_\_\_\_\_ (signatur og stempel)